

Markus Brendmoe – en spontan tekst etter et atelierbesøk

Av Astrid Runde Saxegaard, 28. januar 2022

Dette er tredje gongen eg møter Markus Brendemo, ein godt voksen mann med raud strikkagenser. Det luktar god oljemalingslukst i atelierlokalet på Nedre Rommen, og eg får kaffe, firkløversjokolade når eg kjem på ateliérbesøk. Eg kjenner meg svært velkommen!

Vi sit først på kjøkkenet her han også har sine elevlar innom. Elevane er ikkje her i dag, men nokre timar på dagtid og kveldstid eit par tre gongar i veka . Vi snakkar om livet og livsepokar, og deler gleda om sirkuset med det å ha våre heime når borna vaks opp med å jobbe “heimanfrå” med kunsten.

I det siste har han høyrte stemmer; Raudt, Svart, Raudt, Raudt ... Og trafikkskilt har interessert han.

Vi tømmer kaffikoppene og går inn i Brendemos største rom. Veggane og golv er fylte, det er ikkje rotete, men med sterke blikkfang av farge-eksplonasjonar. Eg stopper opp ved eit vart monumentalt måleri av ei mandig “Mor “som held ungen sin kjærleg i armane. Markus fortel at han hadde måla «Selvportrett i pappas armer».

Eg såg Debatten på NRK med Solvang der temaet var det tredje kjønn. Ein kategori for dei menneske som ikkje kjenner seg heime i han eller ho. Det handlar om å ha store eller små kjønns-egg eller frø.

Eg ser den store mora eg såg på skjermen i går som fortalde at ho var blitt mor med sine små kjønnsfrø. Eg ser òg Michelangelio “Pieta “fra 1497-1499 som står i Roma i Peterskirka. Men eg står overfor eit mektig sarte måleri av Markus Brendmoe. Kva veit vi om det som foregår inni menneske i møte med kjærleik og omsorg for levande menneske?



Eg kjenner meg audmjuk. Døden er heller ikkje langt unna. Men døden er ikkje her. Men ein mild pust, ein vind, ein eim av blomsterduft, eller eit snev av kvalmande røykelse.

Nokon som ligg på dødsleie eller som Markus gode kollega Stein Kokksvik hadde assosiert med at serien med portretta har eit forhold til rus. Portretta er på eit vis veg til ein annan stad. Dei er ikkje her. Om dei var her ville eg blitt redd. Men no når eg ser dei her har dei eit snev av visdom, draum og tidlaus tilstand.

På omtrent alle portretta eg festar meg ved har skikkelsen ein blome mellom hendene.

Ein blome som bedøver, som gir fred.

Markus viser meg eit bilete frå ei bok av ein kunstnar han er oppteken av. Dette fører meg til ein serie med stilleben av klassiske vase / blomstermotiver. Desse små måleria treff meg og.

Litt fordi eg sjølv har vore fascinert av dette motivet. Men ingen menneske skaper det samme. Og ingen målar som Markus Brendmoe.



Det er noko med linjene og fargane som opplevast litt annleis, røffare i første inntrykket, men som utstråler ein heilt annan tilstedeværelse av ein lys oppdagelse i eit mørkt rom.

Det er ofte slik.

At lyset og lykkefølelsen ikkje alltid varer ved.

Men her i desse stuene med gardiner og draperi som vi kanskje har gjesta, er det noko vakkert, sterkt og overraskande.

Tømmerstuene og tømmerstabbura er heller ikkje langt unna som i dette bilete. Utkledning, barnebrud, eller dette vanvittige løfte to gir kvarandre. Elske og ære kvarandre til døden skiller oss ad.

Takk for at eg fekk gjesta deg i dag 28 januar 2022. Gleder meg til å få vise kunsten din Markus Brendmo på mitt vesle KGG, Kolbotn Garasje Galleri 18 februar 2022.

Takk!

